


Mathilde Sæthre

Uidentifisert dinglande objekt

Om nøkkelringar og andre emosjonelle døropnarar



Bacheloroppgåve i Medium- og materialbasert kunst

Fagområde tekstil

Kunsthøgskolen i Oslo, 2022

Innhald

Introduksjon	2
Om verket	3
Om nøkkelringar	4
Om samling	5
Om forskning	6
Meir om nøkkelringar	8
Om nøklar	10
Avslutting	10
Litteratur og kjelder	12



Fig. 1: Nøkkelringar i prosess, 2021

Introduksjon

Nøklar vandrar mellom hender heile tida. Medan hus skiftar eigarar og arbeidsplassar skiftar arbeidstakarar, er nøklane der framleis - dei berre byter hender. Eit nøkkelnippe representerer kva rom ein person har tilgong til på eit gitt tidspunkt, både dei fysiske romma som nøklane kan låse opp, men også dei emosjonelle romma som nøkkelringane moglegvis kan opne. Nøkkelringane, dei tilsynelatande funksjonslause gjenstandane som heng der side om side med dei så openberrt funksjonelle nøklane vi ber med oss kvar enn vi går, er berarar av minner, kjensler, relasjonar og verdier. På eit vis er nøkkelnippa våre kanskje blant dei synlegaste identitetsmarkørane vi har - dei representerer kvar vi befinn oss både fysisk og emosjonelt.

Om verket

Mitt avgangsprosjekt er eit resultat av to år med forskning rundt problemstillinga «kva er ting?». Gjennom prosessen har eg forsøkt å gjere rede for kva vi egentleg snakkar om når vi snakkar om *ting*. På bakgrunn av at eg sjølv finn glede i å eige, sjå, finne, kjenne på, samle, gi bort og motta gjenstandar undra eg meg over kva som er årsaka til at vi vel å omgi oss med alle desse meir eller mindre naudsynte tinga vi omgir oss med.

Verket består av ei samling nøkkelringar som eg personleg knyter meg til. Mange av dei har eg samla gjennom livet og dei fleste av desse har på ulike tidspunkt vore festa til nøklene eg har hatt behov for i det daglege. Enkeltvis representerer kvar og ein av dei ulike tidspunkt, plassar, relasjonar og kjensler. Saman utgjer dei eit slags arkiv av ulike fasar i livet, bygga opp av minner og assosiasjonar knytt til den enkelte nøkkelringen sitt opphav og bruksperiode. Sjølv om akkurat desse nøkkelringane er gjenstandar eg personleg identifiserar meg med og har eit forhold til, har dei noko så ekstremt allment gjenkjenneleg over seg at dei på same tid framstår som universelle.



Fig. 2: Ei samling nøkkelringar, klare for sine respektive ekspedisjonar

Medan ein stor andel er gjenstandar frå eiga samling, er ni av dei handlaga spesifikt til dette prosjektet. Desse er vattfylde formar laga av tekstil i ulike kvalitetar og sterke fargar, festa i lenker, nøkkelringer eller krokar. Medan ein er laga av handfarga himmelblå silke er ein annan i eit syntetisk oransje lateksmateriale. Dei fleste er av ein slik storleik at dei sit godt i handflata, og dei organiske formane gjer at dei naturleg kan finne sin plass mellom fingrane.

Eg ser på dei som små berbare skulpturar. Eit lite kunstverk du kan ha med deg i lomma, klemme fingrane rundt, potensielt dele store delar av dagen med – eller berre vite at finst ein plass der nede i veska. Kvar og ein av dei har utvikla seg i mine hender gjennom time etter time med små sting tett i tett. Fordi dei har sprunge fram i handa mi kjenst det som vi kjenner kvarandre allereie før dei eingong har vore utanfor huset.

Om nøkkelringar

Disclaimer: Når eg no legg til grunn at absolutt alle har nøkkelknippa fulle av dinglande, fargerike gjenstandar er det kanskje verdt å nemne at eg er klar over at dette (dessverre?) ikkje er den fulle sanninga. Det er nok av folk som ikkje har ein eit einaste minieiffeltårn på nøklane sine, og det er nok også nok av dei som har det, men rett og slett ikkje kunne brydd seg mindre. Likevel trur eg nøkkelknippa kan vere subtile symbol på eiga identitet, sjølv gjennom få, manglande eller uttrykkslause nøkkelringar.

Nøkkelknippa våre fungerer som identitetsmarkører. Kvar og ein av nøkkelringene har ein forhistorie. Slik som ein nøkkel er unikt tilpassa ein spesifikk lås, blir nøkkelknippa våre ei samling objekt unikt tilpassa eit spesifikt menneske. Knippet utgjer ein sær kombinasjon av det mest naudsynte og det praktisk talt unyttige. I ei og same lenke som du har nøklane du brukar i det daglege – husnøkkelen, nøkkel til arbeidsplassen, til bilen eller sykkellåsen – har du gjerne ein eller annan form for pyntegjenstand, anten det er eit metallisk mini-eiffeltårn, ein mjuk figur av din favorittunderase eller berre ei plastbrikke med logoen til ein meir eller mindre tilfeldig bedrift. Sjølv sagt, det finst nøkkelringar som har både lommelykt, flaskeopnar og lommekniv, men stort sett er nøkkelringar relativt funksjonslause pyntegjenstandar. Dei er som regel

masseproduserte, billige dingser av varierende kvalitet med låg verdi både økonomisk og kulturelt. Så, kvifor har vi dei?

Nøkkelsingar har gjennom 1900-talet fungert ypperleg som reklameeffekter. Dei er rimelege i produksjon, og alle kan ha bruk for dei av den enkle grunn at dei kan gjere ein liten nøkkel litt vanskelegare å rote bort. I tillegg kan dei potensielt nå ut til mange – kanskje på ein nærare og meir personleg måte enn andre formar for reklame, nettopp fordi dei gjerne er tett på oss store delar av tida. Av dei same grunnane er dei optimale som suvenirer. Suvenirnøkkelsingane har likevel ein eigenskap som reklamenøkkelsingane har vanskeleg for å oppnå: vi knytter oss til dei. Dei held på minne om ein spesifikk plass, tid eller person, eller fabuleringar kring nokon andre sine minne om ein spesifikk plass, tid eller person. Og den iboande inviterande og affektive evna til desse små, nær ubrukelege objekta, er kanskje deira aller viktigaste funksjon. Ja, dei kan hekte saman fleire nøklar og kanskje gjere dei vanskelegare å miste – men det er jo ikkje derfor vi tek vare på dei. Nøkkelsingane vi tek vare på er nøkkelsingane vi har tileigna oss, og dermed knytta oss til, på ulike vis.

Om samling

Sjølv har eg alltid vore svak for ting. Ting ein finn, ting ein får, ting en skapar, ting ein kjøper. Eg har alltid vore ein samlar, samla på stort og smått – dog mest smått, for små ting er openbertt søtare – alt frå klistremerkebøker og den klassiske serviettsamlinga og til viskelær, gelépenner med lukt, steinar, bamsar, pez-figurar, kindereggleiker, nøkkelsingar, sjøslipte glasbitar, kastanjenøtter, små biter av skinande plastikk og kva enn som måtte befinne seg på bakken idet eg kom forbi. Om det kom frå eit meir eller mindre bevisst ønske om å finne ting eller om det var ein direkte konsekvens av det å vere eit sjenert barn veit eg ikkje, men auga var konsekvent retta mot bakken, og bakken er kanskje den aller beste plassen å leite etter ting.

Eg trur samlinga går litt i arv, og det gjer også samlingane. Kastanjenøttene og glasbitene frå fjæra var det til å byrje med mor mi som bad meg plukke opp, fordi “ein kan ha dei i lomma, dei er gode å kjenne på,” og sjølv sagt fordi “dei er så fine”. Ho fyller framleis lommene med

kastanjenøtter kvar haust, og kvar sommar står ho på stranda og leiter etter farga glas, med hovudet bøygd så langt ned mot sanda at det er like før ho liknar ein struts. Viskelærsamlinga arva eg av søstra mi då ho fann ut at ho var for gamal til å ha hundrevis av viskelær i sekken, medan min far sin samling av Per Ulv-figurar i hardplast ikkje akkurat har fått meg til å vegre meg for å anskaffe nye dingsar. Men, vi er ikkje ein familie av hoarders, altså, det vil eg ha sagt. Bror min, for eksempel, kan eg ikkje hugse at har samla på noko anna enn eksakt så mange skrukke troll som lommene på kargobuksane kunne halde.

Om forskning

Forskningsarbeidet som ligg til grunn i prosjektet mitt er basert på enkel innsamling av enkel informasjon som aldri har leda til noko konklusjon. Med utgangspunktet “Kva er ting?” har eg bedrive forskning rundt eit spørsmål som eg aldri har forventa å kunne besvare. For ting er jo alt. I denne prosessen har eg henta mykje inspirasjon frå Kurt Johannessen sine arbeide generelt, og boka *Alt og ingenting* (2004) spesielt. Johannessen arbeider med forskning i ein fin balanse mellom det filosofiske og det vitskapelege, og evna hans til å utvide forståinga vår av nokon av dei mest etablerte sanningene på eit tilsynelatande banalt og lettbeint vis fangar meg.




Fig. 3: Kurt Johannessen: *Alt og Ingenting* (2004)

Det innsamla materialet frå forskinga mi *kva er ting???* har vorte formidla både i form av eit lite, sjølvlagte hefte med same tittel, og ein digital presentasjon gjennom mi eiga nettside. Den digitale visningsformen kjenst frigjerande gjennom det at den på samme tid er både privat og svært offentleg – alle har i teorien tilgang til den, men for å finne den skal du anten ha vorte invitert dit gjennom ei lenke eller vere veldig bevisst på kva du leiter etter og kvar du skal leite.

Den digitale versjonen av forskinga fekk ein oppføljar, veslebroren *kva er klump???*, som går eit bittelite hakk meir konkret til verks og tek føre seg dei mystiske mjuke formane. Dei mjuke klumpaktige formane kjenner vi att frå naturen, frå kroppen, frå havet – men dei er også ofte å sjå i det litt terapeutiske landskapet. Dei organiske formane verkar å ha noko iboande omsorgsfullt ved seg.



Fig. 4: Diagram over helsebringande mjuke formar, 2021

For vi brukar den klumpete formen til å signalisere nettopp mjukheit, velvære og tryggleik. Medan rette linjer og skarpe kantar kan verke strenge og aggressive, er dei mjuke og avrunda formene snille, harmoniske og leikne. Mjuke formar og mjuke material utstrålar omsorg, anten det er vi som har omsorg for dei eller dei som har omsorg for oss. Dei mjuke tinga kan gi oss noko ekstra; noko anna enn det vi kan få frå menneskelege relasjonar. Ta til dømes kosedyr. Deira funksjon ligg i deira eksistens. Ja, dei kan vere gode å ta på, gode å halde rundt, men først og fremst handlar det om selskapet dei kan gi. Det er eit objekt du har ansvar og omsorg for, og som i form av å berre vere til stades kan gi deg omsorg og tryggleik tilbake. Dei har ikkje noko psykologisk eller fysiologisk ekspertise, men deira nærvær er ein funksjon i seg sjølv.

Meir om nøkkelringar

Undersøkinga av dette mjuke og trygge leda meg til nøkkelringane. Som barn har ein gjerne ein fast følgesven med seg kvar enn ein går, ein bamse, ein koseklut, ein smokk. Som ein hundekvalp som blir teken frå mora har med seg ei leike med lukta av sine søsken, har vi gjenstandar som representerar noko trygt og nært som gir ein form for tilhøyre i ein framand situasjon. Noko statisk i dei dynamiske omgjevnadane. Kanskje ein nøkkelring kan fylle denne rolla?

Etter å ha arbeidd tett på dei handlaga nøkkelringane gjennom tusenvis av små sting, kjentest det på eit vis som vi hadde blitt kjende. Dei ulike figurane som hadde oppstått i handflata mi hadde undervegs byrja å skilje seg frå kvarandre, byrja å vise fram sine personlegdommar. Dei ymse tekstilkvalitetane, dei liknande, men likevel unike formane, spekteret av fargar i trådane, dei forskjellige festemekanismane. Kva sinnsstemning dei vart oppfostra i, om dei vart skapte gjennom tystnad og konsentrasjon, fødd midt i ein fotballkamp på tv eller laga ombord på eit tog på veg frå a til b – alle variablane verkar inn og kvar gjenstand blir eit resultat av arv og miljø.

Slik oppfattar eg også Anna Daniell sine arbeid – hennar skulpturar utviklar seg etter at dei nådd sin endelege fysiske form. Mellom anna har dei har blitt kviskra løyndomar til, dei har vore heime hos folk og sjølv fått besøk av andre skulpturar, dei har vorte intervjuet av Vigdis Hjorth

og førelese for av Thomas Hylland Eriksen. Med slike namn i omgangskretsen tilhøyrar nok hennar skulpturar ein høgare kulturell klasse enn det mine gjer, men tanken om at skulpturane er berarar av sine opplevingar står sentralt. Skulpturen blir eit subjekt vi aktivt forhold oss til heller enn eit passivt objekt vi er overordna.

Ettersom mange av nøkkelringane ein eig har ein sentimental verdi i det at dei har kome oss i hende i form av gåver kjentest det naudsynt å leggje til rette for at også dei handlaga nøkkelringane kunne knyte band til menneske og situasjonar for å tileigne seg sine egne erfaringar. Kvar og ein av dei har derfor på eit tidspunkt vore utplassert hos ein utvald person, og gjennom ein periode i nokon sitt eige samla opp inntrykk og opplevingar den kan bere med seg inn i utstillingsformatet. Ved overlevering til sin nye eigar vart det ikkje lagt noko føringar for korleis gjenstanden skulle behandlast eller kva informasjon som skulle følgje med han når han vart returnert. Det einaste kravet var at han skulle returnerast innan av slutten av april. I skrivande stund, i byrjinga av april 2022, har nokre av dei kome tilbake til meg medan andre framleis er ute på oppdrag. Ved tilbakeleveringa har samtlege av dei nye eigarane uoppfordra fortalt meg om korleis dei har opplevt å vere i tingen sitt nærvær, kva han har vore med på og korleis relasjonen mellom menneske og ting har vore.



Fig. 6-7: Nøkkelringar på oppdrag, 2022

Om nøklar

I høgblokken eg vaks opp i hadde kvar leilegheit, i likskap med dei fleste andre bustader, sin eigen nøkkel. Ein nøkkel som kunne låse opp ein spesifikk lås i ein spesifikk dør. Ein nøkkel og ein lås til kvar av dei 96 leilegheitene blokka. Men i tillegg til å kunne låse opp ei spesifikk leilegheitsdør kunne kvar og ein av desse nøklane låse opp dei same gatedørene. Kvar av dei 96 nøklane i min blokk og kvar av dei 96 nøklane i naboblokka passa kun til éin leilegheit kvar, men dei kunne alle saman låse opp begge dei to gatedørene i begge dei to blokkene.

Ein gong lånte eg vekk min nøkkel. Ei veke seinare var han vekk – mottakaren ante ikkje kvar nøkkelen kunne ha tatt vegen. Då min far fekk nyss i fadesen, at eg ikkje lenger hadde kontroll på nøkkelen som gav tilgong til å opne fleire hundre menneske sin gatedør, vart han rasande. Eg fekk streng beskjed om å finne nøkkelen så fort som mogeleg, koste kva det koste ville – for om nøkkelen til 192 heimar ikkje dukka opp måtte det naturlegvis resultere i utskifting av totalt 196 låsar. Logikken i det heile må eg seie eg ikkje heilt kunne forstå korkje då eller no, men når beskjeden er at ein som 17-åring potensielt står økonomisk ansvarleg for utbytting av låssystemet i to 12-etasjers høgblockkar stiller ein ikkje så mange spørsmål. Nøkkelen dukka sjølv sagt opp etter ein liten stund, så eg fekk aldri vite om det faktisk ville skje noko utskifting eller kor mykje det i så fall ville ha kosta meg, men om ikkje anna fortalde det meg iallfall noko om kor stor rolle desse små, kantete metalldingsene spelar i liva våre, og i kor stor grad det å gi nokon ein nøkkel er eit teikn på tillit.

Avslutting

Mange av miniatyrskulpturane er framleis ute i verda og samlar inntrykk og opplevingar. Snart skal dei gjenforenast med kvarandre og med sine masseproduserte nøkkelringkollegaar, og eg er spent på korleis dei vil kommunisere. Når dei handlaga objekta denne gongen møter dei masseproduserte, er det kanskje på eit jamnare grunnlag. No har dei alle kjent på det å vere i bruk. Kanskje noko uforutsett har oppstått på ferden? Kanskje vegane deira har kryssast? Om dei

vil fortelje oss utanforståande noko konkret om kva dei har opplevt kan eg ikkje seie for sikkert. Men eg er sikker på at det dei har vore med på likevel vil påverke vår oppfatning av dei.

Litteratur og kjelder

1. Johannessen, K. (2004). *Alt og ingenting*. Zeth Forlag.
2. Podium. *Anna Daniell: Sculpture Club*. Hentet 28. mars 2022 fra <http://podium.enterprises/portfolio/anna-daniell/>
3. Duffee, V. (2020). The Body Beneath. *CHART De-centred 2020*, 160-164.
4. Turkle, S. (2011). *Evocative Objects – Things We Think With*. The MIT Press.
5. Bissonnette, Z. (2015). *The Great Beanie Baby Bubble: Mass Delusion and the Dark Side of Cute*. Portfolio/Penguin Publishing Group.
6. Shane, J. (2019). *You Look Like a Thing and I Love You*. Headline Publishing Group.
7. Hyde, L. (2012). *The Gift: How the Creative Spirit Transforms the World*. Canongate Books.
8. Candlin, F. & Guins, R. (2009). *The Object Reader*. Routledge.
9. Fowles, S. (2010). People Without Things. *An Anthropology of Absence*, 23-41.

Alle bilete, inkludert framsideillustrasjon, tilhøyrar forfattaren.